



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
026/24	Utvalet for oppvekst og kultur	22.05.2024

Uttale til ny rammeplan for kulturskulen

Vedtak i Utvalet for oppvekst og kultur 22.05.2024:

Sunnfjord kommune støttar framlegg til ny rammeplan for kulturskulen med dei merknadane som ligg føre i saksutgreiinga.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune støttar framlegg til ny rammeplan for kulturskulen med dei merknadane som ligg føre i saksutgreiinga.

Bakgrunn for saka

Sak om høyring på ny rammeplan for kulturskule vår 2024

Hausten 2024 skal Rammeplan for kulturskulen ligge føre i ny versjon. [Høyringsutkast](#) til ny plan er publisert på kulturskoleradet.no og høyringsportalen til Norsk kulturskoleråd vil vere open til og med 15. mai 2024. Sunnfjord kommune har fått utvida frist til 23.5 med å levere høyringssvar.

Den førre rammeplanen for kulturskule «[Mangfold og fordypning](#)» frå 2014 har vore politisk vedtatt som førande for kulturskulen i Førde kommune, og med nytt vedtak i 2020 for Sunnfjord kommune. Det er ein vesentleg skilnad mellom rammeplan for kulturskule og læreplanar for barnehage, SFO og grunnskule. Kulturskulen sin rammeplan er initiert og skriven av Norsk kulturskuleråd sentralt i samråd med Udir, og må vedtakast i kvar kommune for å vere gjeldande. Dei andre læreplanane for oppvekstfeltet vert initiert av Udir og er gjeldande på nasjonalt nivå. Difor er det viktig at kommunepolitikarane vert høyrte om planen er dekkande som eigar av kulturskulen i eigen kommune.

Rammeplanen frå 2014 har fire kapittel:

1. Kulturskolens samfunnsoppdrag
2. Prinsipper og retningslinjer for kulturskolevirksomhet
3. Fagplanene
4. Mal for kvalitetssikringssystem

Den nye planen frå 2024 som er på høyring, redigerer dei to første kapitla og utvider til fire kapittel. Dei to siste – fagplanen og kvalitetssikringssystemet skal bevarast som dei er:

1. Kulturskolens samfunnsoppdrag
2. Kulturskolens forståelse av oppdraget
3. Kulturskolens praksis
4. Kvalitet, roller og ansvar i kulturskolen

Kapittel 1 beskriver kulturskolens samfunnsoppdrag, slik dette oppdraget er gitt gjennom lovverket, og uttrykt i konvensjoner og stortingsmeldinger. **Kapittel 2** beskriver kulturskolens forståelse av oppdraget med bakgrunn i kapittel 1, og omhandler kulturskolens verdigrunnlag og målsettinger. I **kapittel 3** beskrives kulturskolens praksis og organisering, mens kapittel 4 beskriver kvalitetsarbeid, roller og ansvar i kulturskolen, knyttet til kulturskolens praksis, slik den beskrives i kapittel 3.

Bakgrunn for ny rammeplan

Hovedoppdraget til rammeplangruppa har vore å

- *identifisere hva som bør endres i overordnet del (kapittel 1 og 2) i Rammeplan for kulturskolen for at planen skal være i tråd med endringene som er skissert i [Meld. St. 18 \(2020–2021\)](#), andre nasjonale føringer og samfunnsmessige endringer*
- *samle informasjon og innspill som kan ha betydning for endringer i overordnet del i Rammeplan for kulturskolen, i åpent samarbeid og dialog med relevante kompetansemiljøer og interessegrupper*
- *utarbeide et forslag til en ny overordnet del av Rammeplan for kulturskolen, på bakgrunn av de to første punktene her*

Følgjande tema vert tillagt spesiell vekt:

- *Barn og unges medvirkning*
- *Kulturskolen som samarbeidende aktør*
- *Kulturskole for alle*
- *Kulturskolen i kommunalt planverk*

Også andre tema som rammeplangruppa har funne aktuelle, på bakgrunn av politiske føringer eller samfunnsmessige endringar, er tatt inn i arbeidet.

Saksutgreiing og vurdering

Vi vil i vårt høyringsnotat peike på følgjande:

- Høyringsprosessen har mangla oppsummering av kva som er nytt og kva endringar som er tenkt inn i den nye planen
- Det er utfordrande å få tak i kva hovudgrep som er gjort i endringsforslaget, og kva ein ønsker å oppnå
- Det er positivt at begrepet bærekraft er teke i bruk i planen
- Det er positivt at kulturskulen som arena for kunstnerisk utfoldelse er tydeleggjort
- Planen kan med fordel strammast inn tekstleg slik at lesaropplevinga vert betre og budskapet vert tydelegare. Eit døme på dette er overskrifta i kapittel 2 “kulturskolens forståelse av oppdraget”, kan med fordel strammast inn til “kulturskulens oppdrag”
- Breddetilbodet er eit nytt begrep i denne planen og erstattar breddeprogrammet, men det er ikkje same definisjon. I Breddetilbodet vert samfunnsoppdraget tydelegare gjennom ulike tilbod kulturskulen tilbyr utover kjernetilbodet, der deltakarar ikkje er registrert som elevlar i kulturskulen. Eit døme er seniorkor og korps i skulen

- Barn og unges medvirkning er ikkje i tilstrekkeleg grad omtalt, her kan ein med fordel tydeleggjere forventningane til kulturskulane

Førde, den 08.05.2024

Terje Heggheim kommunedirektør	Anita Nordheim kommunalsjef
-----------------------------------	--------------------------------

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 22.05.2024:

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

UOK-026/24 Vedtak:

Sunnfjord kommune støttar framlegg til ny rammeplan for kulturskolen med dei merknadane som ligg føre i saksutgreiinga.

Vedlegg i saka:

2024 Rammeplan for kulturskolen - overordnet del - høringsutkast